

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad / tidspunkt : Herand Kulturhus 20.10.15, kl.19.00-21.30.

Til stades : Sigmund Eiken, Kaia Gulbrandsen, Gunnar Dalseth, Sonja Irene Skarde, Kenneth Vikane, Marit Huus, Marta Bergstø.

**Sak 1** : Godkjenning av innkalling og referat frå sist styremøte. Ingen merknader.

**Sak 2** : Kjøp av skåp og diskar til det nye kjøkenet.

Me vart samde om å gje kjøkegruppa fullmakt til å handla inn nye skåp og diskar innanfor ei bestemt økonomisk ramme etter å ha innhenta prisar og tilbod på slikt inventar.

**Sak 3** : Opp-pussing av matsal og bibliotek.

Me vil i fyrste omgang gå i gang med måling av tak og veggjar. Golvet vert sett på vent.

**Sak 4** : Nye skilt ved saga og mølla?

Me vel å ta ned og pussa opp dei me alt har, og setja desse opp att til våren.

**Sak 5** : Basarførebuingar.

Fordeling av oppgåver før basaren.

Spørja etter gevinstar hjå verksemdar i og utanfor kommunen.

**Sak 6** : Eventuelt.

«Huset i bygda»: Kaia refererte frå informasjonsmøte ho hadde vore på i regi av Noregs Ungdomslag, Folkeakademiet og Norsk Musikkråd. Møtet handla om drift av hus, og kor me kan søkja om midlar til ulike lagshus.

Bruktbutikk : Gunnar Dalseth refererte frå møte i Frivilligsentralen ang ein planlagt bruktbuikk i Jondal.

Hjartestartarskåp : Etter demonstrasjon av hjartestartaren som Bygdelaget har fått av Pensjonistlaget, vart me oppmoda om å kjøpa eit utandørs skåp med alarm til å oppbevare denne i, slik at alle kan ha tilgang til han. **Skal dette finansierast av eit spleiselag ?**

Moppemaskina er gamal og utslitt. Den fungerer ikkje lenger.

Me må undresøkje prisar på brukte og nye før me kjøper.

Gåve ! Øystese Gymnas v/ Ingebjørg Bakke har gjeve Herand Kulturhus to nye reinhaldsvogner som me er veldig takksame for! Me retta rein stor takk til gjevaren!

Søknader : Bygdelaget må søkje om midlar til taket på Båtbyggarmusèet innan 01.11.15.

Sigmund har vore på møte med Teknisk Etat. Ny plan for avløp Neset og Båthamna i Herand. Herand Bygdelag må søkje om utslepsløyve for Meierieet.

**Neste styremøte i Herand Bygdelag vert tysdag 17.11.15.**

Skrivar : Marta Bergstø.

